

Arkiv: Eitt fag – to profesjonar?

Herbjørn Andresen og Gudmund Valderhaug

«Arkivfaget har tradisjonelt vart betraktet som to atskilte deler – arkivdanning og arkivdepot», skriv Jørgen Marthinsen (2012, s. 99). Men dei to delane har historisk sett ikkje fått like stor merksemd, korkje i faglitteraturen eller som forvaltningsoppgåve. Tvert om, grunnleggjarane av den «klassiske» arkivistikken, nederlandarane Muller, Feith og Fruin, såg på arkivdanninga som noko som var arkivaren uvedkommande (2003, s. 19). Skapinga av arkivet, dvs. kva dokument som vart arkivert, og korleis desse vart registrert, systematisert og brukt, var forvaltningsorgana sitt ansvar. Det same standpunktet fremja den engelske arkivaren Hilary Jenkinson:

The Controller of Registry is not an Archivist and is not even tied by the Archivist's Rules. Though it is part of his work to preserve he is really creating; while the Archivist preserves only and is not in the least concerned with what Archives are made (Jenkinson, 1922, s. 161).

Innleiing

Arkivvitskapen på 1900-talet behandla i all hovudsak depotrelaterte spørsmål, særleg prinsipp for bevaring og beskriving av arkiv som ikkje lenger var i administrativ bruk. Det er ikkje før vi nærmar oss tusenårsskiftet at arkivdanninga blir tema i faglitteraturen. I dette kapitlet skal vi undersøke og drøfte årsaker til dette, og sjå nærare på tilhøvet mellom arkivdanning og arkivdepot: Er utøvarane av desse funksjonane – forvaltningsarkivaren og depotarkivaren – å rekne som to skilde profesjonar, med ulike samfunnsoppdrag, ulik profesjonsidentitet og ulikt kunnskapsgrunnlag, eller høyrer dei til same profesjon, og arbeider med ulike oppgåver innanfor ei samanhengande kjede?

Tilhøva mellom arbeidsfelt og profesjonar står ikkje nødvendigvis stille. Både endringar innanfrå, i sjølvforståinga, og utanfrå, i kva samfunnet krev, kan vere med å endre oppfatningane om kva som er same eller ulike profesjonar. Vi skal sjå nærare på nokre endringsprosessar, som i ulikt tempo og i ulike retningar, kan påverke korleis vi bør sjå på arkivarbeid og arkivutdanning i tida framover.

Tilhøvet mellom arkivdanning og arkivbevaring har blitt aktualisert i den faglege debatten dei siste åra, der representantar for Norsk Arkivråd³⁸ (NA) har reist kravet om at «å anerkjenne ”arkivdanning” som et eget fagfelt», som ikkje handlar om historie eller kultur, men «drifting av en virksomhet, forvaltning, god

³⁸ Norsk Arkivråd er ein arkivfagleg interesseorganisasjon som mellom anna arrangerer kurs og seminar for medlemmar, arbeider aktivt overfor myndigheitene med arkivfaglege spørsmål, og med å styrke opplæring og utdanning av arkivarar.

forretningskikk» (Norsk arkivråd, 2011). I følge NA er det vesentleg forskjell mellom arkivdanning og depot:

... arkivdanningen skjer med utgangspunkt i virksomhetens eget behov for å dokumentere sin gjøren og laden, ikke på grunn av behov for å tilfredsstille forskere og andre i fremtidens jakt på historisk materiale. Å ha forståelse for denne forskjellen er belt avgjørende når det gjelder å sikre god arkivdanning i alle virksomheter ... (2011).

Sjølv om konteksten til desse utsegnene er ein skarp kritikk av Kulturdepartementet si handtering av utfordringane ved elektronisk arkivdanning, og eit ønske om å få overført ansvaret for fagfeltet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet som i dag også har ansvaret for IKT-utviklinga i offentleg forvaltning, synest det klart at NA ser på arkivdanning som eit særskilt fagområde knytt til «forvaltning» og ikkje «kultur».

Arkivvitskapen og arkivdanninga

Som nemnt ovanfor, var arkivdanning lenge eit neglisjert tema i arkivvitskapen. Med nokre få unntak, Marthinsen nemner t.d. at omgrepa Archivwissenschaft og Registraturwissenschaft var i bruk i tyskspråkleg faglitteratur frå 17- og 1800-talet (2012, s. 113-114), har arkivfagleg litteratur vore konsentrert om spørsmål knytt til depotfunksjonen. Den klassiske arkivistikken, slik den vart utforma av Muller, Feith og Fruin, behandla spørsmål som hadde blitt aktualisert av endringar i formåla for europeiske arkivinstitusjonar på 1800-talet. Tidlegare hadde arkiv blitt bevart først og fremst for juridiske, økonomiske og administrative formål, men framveksten av historieforskinga som vitskapleg disiplin hadde endra dette (Cook, 2011; Berger, 2013). Ifølgje den tyske historikaren Stefan Berger var «national archives as institutionalized repositories of all the records that make up the national past [...] invariably linked to the modern nation-state on the one hand and the rise of a professional and independent discipline of history on the other» (2013, s. 3). I Noreg slo vendinga til dei historiske formåla igjennom etter 1846, då Riksarkivet vart overført til Kyrkjedepartementet og «[h]ensynet til forskningens tarv ble utslagsgivende [...]. Riksarkivet skulle bli noe annet og noe mer enn den rent praktisk innrettede institusjon som Finansdepartementet så lenge hadde forsøkt å skape,» ifølgje tidlegare riksarkivar Herstad (2008, s. 230).

Dei to grunnelementa i den klassiske arkivistikken – proveniensprinsippet og prinsippet om den opphavlege orden – var grunnleggjande med behovet for å gi arkivbrukaren oversyn over heilskapen i eit arkiv og samanhengane mellom dokumenta i arkivet. Den tidlegare praksisen med å ordne arkiv etter pertinens, dvs. samle dokument av same type uavhengig av opphav, kunne nok tilsynelatande gjere det lettare for brukaren å finne det han leita etter, men den gjorde det umogleg å studere heile historia til t.d. ei verksemd eller gi arkivbrukaren samla tilgang til alle dokumenta som vart skapt i ulike sakssamanhengar (Muller, Feith & Fruin, 2003, s. 36, 52). I

følge den klassiske arkivistikken var arkivet etter ein arkivskapar ein organisk heilskap, og denne heilskapen skulle arkivaren respektere og bevare: arkivet skulle bevarast og beskrivast som ei separat eining, i sin opphavlege struktur, og ikkje blandast med andre arkiv.

I denne samanhengen var arkivdanninga irrelevant, eller som hos Jenkinson ulovleg område. Ifølgje han ville eit kvart inngrep frå arkivaren si side øydeleggje autentisiteten til eit arkiv. Arkivdokumenta måtte vere akkumulert gjennom ein naturleg administrativ prosess og ikkje valt ut og bevart på grunn av ein antatt historisk verdi, fordi arkiv ikkje vart skapt med tanke på ettertida men for å dokumentere arkivskaparens verksemd. Eit arkiv må dessutan forvarast i «unbroken custody», og bli overført til arkivdepot slik det vart etterlete av arkivskaparen (Jenkinson, 2003, s. 197, 198). Dette innebar også at eventuell kassasjon av arkivdokument skulle vere arkivskaparens ansvar; arkivarens oppgåve var å beskrive og bevare arkivet slik det vart mottatt. Berre på denne måten kunne eit arkiv stå fram som autentisk og upartisk dokumentasjon av arkivskaparen si verksemd.

Eit anna syn på arkivdanninga vart utvikla i det amerikanske arkivmiljøet. Den fremste amerikanske arkivteoretikaren, Theodore Schellenberg, grunngrir i boka *Modern Archives* frå 1956 kvifor arkivdanninga må vere eit viktig spørsmål for arkivarane: «Public records are the grist of the archivist's mill. The quality of this grist is determined by the way records are produced and maintained while in current use, and the way records are disposed of» (Schellenberg, 2003, s. 26). Det er omsynet til bevaring av arkiva som står sentralt. Arkivaren må respektere arkivskaparens ordning av dokumenta og beskrive denne ordninga sjølv om denne «may not be to his liking». Det bør likevel vere

... the archivist's purpose to promote management practices that will effectively serve both the immediate needs of the government official and the ultimate needs of the private citizen. He may become, as a consequence, in the development of methods or practices of record management (2003, s. 28).

Schellenbergs bok gir lesarane ein grundig gjennomgang av system og metodar for arkivdanning, med tilrådingar om korleis arkivtenesta i forvaltninga kan organiserast, og korleis ein kan forenkla, effektivisere og systematisere dokumentproduksjonen. Samanlikna med den klassiske arkivistikken, representerer Schellenbergs «moderne arkivvitskap» eit fagleg perspektiv som omfattar heile arkivprosessen, om enn sett frå depotinstitusjonens ståstad. Ei uttalt årsak til nyorienteringa er at volumet til dokumentproduksjonen i den amerikanske forvaltninga var mange gonger større enn det arkivinstitusjonane kunne ta i mot. Løysinga var dels systematisk bevaringsvurdering og kassasjon av arkiv, dels arkivdanningsrutinar som kunne redusere mengda av dokument som vart skapt.

På 1980-talet førte den nye informasjonsteknologien til at arkivdanning vart eit arkivfagleg satsingsområde, både nasjonalt og internasjonalt. På den eine sida utfordra

teknologien den etablerte forståinga av sentrale faglege prinsipp, men mest presserande var det å finne praktiske løysingar for å bevare elektronisk skapte arkiv som autentisk og påliteleg dokumentasjon. Utfordringane var fleire: Det vart nytta databerarer som i eit arkivperspektiv hadde svært kort levetid, informasjonen vart nedteikna, lagra og henta fram att med hjelp av programvarer som hadde endå kortare levetid, og som heller ikkje kunne bevare dokumentasjonen som autentisk.

Denne situasjonen førte til omfattande arkivfagleg utviklingsarbeid, forskning og debatt. Å utforme strategiar og metodar for å bevare elektroniske arkiv var ikkje berre ei praktisk oppgåve, det var også nødvendig med teoretiske avklaringar av korleis sentrale faglege omgrep skulle forståast i ein digital kontekst. Nokre arkivarar, som nederlandske Theo Thomassen, meinte at den digitale teknologien førte til eit arkivvitskapleg paradigmeskifte, fordi arkivarane trong nye omgrep for å forstå, beskrive og kommunisere om arkiv. Det «nye paradigmet» innebar også at arkivvitskapen fekk eit endra formål: «the establishment and maintenance of archival quality, that is to say: of the optimal visibility and durability of the records, the generating work processes and their mutual bond» (Thomassen, 2001, s. 382). Dette var ein direkte konsekvens av den nye teknologien, fordi det berre er gjennom utvikling av faglege standardar for elektroniske arkiv at ein kan sikre at det blir skapt og bevart dokumentasjon med evidensskvalitet.

I Thomassens paradigme har arkivdanninga blitt eit kjerneområde. Det same var tilfelle for amerikanaren David Bearman og den australske «records continuum»-tenkinga. Bearman definerer arkivdokument som transaksjonsbevis: Arkiv blir skapt som følgje av transaksjonar, og når dei er knytte til desse med dokumenterte og stabile metadata, har dei ein særleg kvalitet («recordness») som gjer at det kan fungere som autentisk og påliteleg transaksjonsbevis i samtid og ettertid (Bearman, 1994). Ifølgje Richard J. Cox, som samarbeidde med Bearman i eit større forskingsprosjekt om elektroniske arkiv ved University of Pittsburgh på 1990-talet, hadde arbeidet med elektroniske arkivstandardar ført til «the rediscovery of records as evidence rather than information sources» (Cox, 2001, s.6). Cox kritiserte det etablerte amerikanske arkivmiljøet for å ha lagt einseitig vekt på arkiv som historisk informasjonskjelde og dermed oversett arkivets evidensfunksjonar. Han tok samtidig eit oppgjær med amerikanske «records managers» som marknadsførte arbeidet sitt som informasjonsforvaltning og dermed bidrog til at skiljet mellom informasjon og arkiv vart viska ut. Han etterlyste strategiar som fokuserte på evidens, og ikkje på informasjon. Utfordringa frå dei elektroniske arkiva kravde at både depot- og forvaltningsarkivarar fann tilbake til sine opphavlege roller, men den innebar også eit nytt oppdrag: å utvikle funksjonelle krav til elektroniske arkivsystem som kunne «ensure evidence».

For Bearman og Cox var hovudoppdraget for arkivarprofesjonen å sikre skaping og bevaring av evidens. Evidensfunksjonen skal kunne nyttast til ulike formål, som dokumentasjon av rettar eller som grunnlag for «accountability», dvs kontroll av at aktivitetane til ein arkivskapar er i samsvar med interne og samfunnsmessige

føresetnader som vedtak, lovverk o.l. Oppfatninga av arkivet som evidens og eit middel for å oppnå «accountability», står også sentralt i den australske «records continuum»-tenkinga. Denne byggjer på

[a] concept of 'records' which is inclusive of records of continuing value (= archives), which stresses their uses for transactional, evidentiary and memory purposes, and which unifies approaches to archiving/recordkeeping whether records are kept for a split second or a millennium (Upward, 1996).

I «records continuum»-tenkinga har arkivet ein hovudfunksjon som dokumentasjon av dei transaksjonane og aktivitetane som arkivskaparen er involvert i. Tidsaspektet for bruk av dokumentasjonen inneber ingen endringar når det gjeld karakteren til dokumenta; om formålet er samtidig kontroll eller historisk forskning vil arkivet uansett vere transaksjonsdokumentasjon:

Records are both current and historical from the moment of their creation. By definition they are 'frozen' in time, fixed in a documentary form and linked to their context of creation. They are thus time and space bound, perpetually connected to events in the past. Yet they are also disembedded, carried forward through time and space, and re-presented in the contexts of their use. (McKemmish, 1997)

Den australske retninga har fått ei omfattande teoretisk grunngeving i Frank Upwards «records continuum model», som freistar å sameine dei ulike dimensjonane og funksjonane til arkivdokumenta i ein overordna holistisk modell. Vi skal ikkje gå nærare inn på modellen her, men avgrense oss til nokre hovudpoeng. Som hos Thomassen og fleire andre teoretikarar, blir proveniens knytt til arkivskaparens utøving av funksjonar. Omsynet til ekstern og intern, samtidig og historisk «accountability» for ei verksemd, krev at alle transaksjonar blir fanga opp og bevart i arkivsystem som sikrar autentisitet, integritet og pålitelegheit. For å oppnå dette, må det gjennomførast ein analyse som identifiserer dei dokumentasjonsbehova som følgjer av arkivskaparens funksjonar, aktivitetar og transaksjonar. Dette inneber m.a. at Jenkinsons krav til arkivarens passivitet må forkastast; arkivarane – eller «recordkeepers», det australske omgrepet som omfattar både forvaltnings- og depotarkivarar – må vere aktive i heile arkiveringsprosessen. Å sikre kvalitet i arkivdanninga blir eit hovudmål for arkivfaget. Ei følgje av denne tilnærminga har vore at det australske arkivmiljøet har blitt verdsleiande i utviklinga av standardar for arkiv; den internasjonale ISO 15489-standarden for arkivdanning frå 2001 byggjer såleis i all hovudsak på den tilsvarande australske standarden AS 4390 frå 1996 (bortsett frå at den australske dekkjer både danning og bevaring).

Thomassen, Bearman og «records continuum»-retninga ser arkivdanninga som ein sentral del av arkivvitskapen. Dette gjeld også sentrale arkivvitarar som kanadiske Terry Cook og sørafrikanske Verne Harris, som elles har levert skarpe kritikkar av m.a. Bearman og «records continuum». Harris kritiserer den evidensfokuserte tilnærminga for å gjere sin definisjon av «recordness» allmenngyldig og gløyme at

krava til evidens er avhengige av tid og stad: Menneske kan skape og bevare arkiv av andre grunnar enn å sikre evidens, og andre kvalitetar, attributt eller dynamikkar enn evidens kan ha like legitime krav på «record»-omgrepet. I alle høve vil det vere slik at det som er utgangspunktet for arkivdokumentet, transaksjonen eller hendinga «no matter how well recorded, ultimately is irrecoverable; a "good" – reliable, valid, authentic and so on – record can tell a lie, a "poor" record a truth; and the absence of a "record" can tell as much as its presence» (Harris, 2007, s. 122). Vi skal ikkje gå nærare inn på denne kritikken her, vårt hovudpoeng er at også kritikarane reknar arkivdanning som eit viktig arkivvitskapleg emne.

Den arkivteoretiske utviklinga sidan 1980 har vore formidabel. På den eine sida har ein teori som i utgangspunktet berre behandla beskrivinga av avslutta arkiv, blitt utvida til også å omfatte arkivdanninga: kva faglege prinsipp må leggjast til grunn for utforminga av standardar og system som kan sikre at elektroniske arkiv kan skapast og bevarast som autentisk dokumentasjon, som «evidence of transactions» og grunnlag for «accountability». Denne utviklinga, som vart tvungen fram av den digitale revolusjonen, har utvida arkivteorien til å omfatte heile arkivkontinuiteten og endra arkivvitskapen frå å vere ein historisk hjelpevitskap til å bli ein sjølvstendig vitskapleg disiplin. På den andre sida har teorien blitt utvida i djupna. Mens klassisk arkivteori avgrensa seg til relasjonen mellom arkivskapar og arkiv, har ny teori ikkje berre problematisert denne relasjonen, men også utvida perspektivet til å omfatte dei ulike samfunnsmessige føresetnadene for arkivskapinga: korleis og kvifor ulike samfunn og sosiale grupper skaper, bevarer og brukar arkiv, korleis arkiva vert påverka av maktforhold som kan føre til privilegeringar og marginaliseringar av sosiale minne og korleis arkiva igjen påverkar samfunnet. Desse teoriane behandlar også heile arkivkontinuiteten, inkludert den teoretiske utviklinga rundt elektroniske arkiv som må forståast som eit uttrykk for samfunnsmessige og teknologiske føresetnader ved inngangen til det 21. hundreåret.

Arkivarbeid som profesjon

I Noreg har det vore vanleg å nytte omgrepet «arkivar» både om dei som arbeider med depot og dei som arbeidar med arkivdanning. I engelsk faglitteratur er det meir utbreidd å kalle depotarkivaren «archivist», medan den som arbeider med arkivdanning gjerne blir kalla «records manager», alternativt «controller of registry» eller «document controller» eller noko tilsvarande.

Arbeid med å bevare, beskrive og finne fram i avslutta arkiv i eit depot har tradisjonelt vore rekna som ein hjelpedisiplin for historieforskinga. Godt arkivarbeid i depotet, som følgde dei prinsippa som var etablert i den klassiske arkivistikken, ville gi tilfang av relevante kjelder, og eit grunnlag for å vurdere deira truverde eller autentisitet. Det har vore svært vanleg at depotarkivarar er utdanna historikarar. Det er ikkje noko urimeleg i det; sjølv om historiestudiet ikkje i utgangspunktet inneheld noko særskilt teoretisk eller praktisk arkivkunnskap, kan ein vente at historikaren har ei godt innarbeidd forståing av behovet for å tryggje og å kunne finne fram i kjelder. Difor

har depotarkivarar fått ein profesjonsidentitet med eit visst homogent drag, prega av historikarar med praktisk erfaring frå arkiv, men utan ei eigen arkivfagleg utdanning som kvalifiserer for profesjonen i botn.

Arkivdanning har tradisjonelt vore sett som eit sideprodukt av oppgåvene til ei verksemd. Godt arkivarbeid ville skape nødvendig dokumentasjon, hovudsakleg for eigen bruk innanfor verksemda, men etter innføringa av offentlegprinsippet også for einskildpersonar som treng innsyn i korleis ei sak har vore handsama. Arkivdanninga var ein integrert del av oppgåvene som låg til eit embete eller ei verksemd, og dokumenta vart arkivert i ein systematisk orden som følgde av arbeidet og som høvde brukbart for å finne dei att seinare. Behovet for faglege omgrep, standardisering og ei praktisk utdanning – ei form for profesjonalisering av arkivdanninga – kom etter kvart.

Rammene for arkivdanninga i offentleg sektor vart frå 1960-talet gjenstand for ei omfattande standardisering, samtidig som Riksarkivarens posisjon som offentleg arkivmyndigheit vart styrka. Det første elementet i dette regelverket var kgl. res. av 4.11.1961 om instruks for arkivavgrensing og kassasjon i statsforvaltningas arkiv. Denne vart følgd opp med kgl. res. av 6.12.1963, som gav Riksarkivaren utvida fullmakter i høve til arkivdanninga i staten. Riksarkivaren kunne etter denne inispisere dei arkiva i statlege organ som skulle avleverast til Arkivverket og i samråd med det enkelte organet gi bestemmelsar for oppbevaring og ordning av desse arkiva. Ifølgje Anne Hals representerte dette «en utvidelse av Riksarkivarens fullmakter, som skulle involvere hele Arkivverket mer direkte i moderniseringen av det statlige forvaltningsapparatet» (Hals, 2002). Eit viktig tiltak var utarbeidinga av «normalinstruksar» for arkivarbeidet i statsforvaltninga og for arkivleiarstillingar i staten, som vart publisert som vedlegg til eit nytt reglement for organisasjon og saksbehandling i departementa i 1970. Instruksane fekk – med nokre endringar som m.a. gjaldt Riksarkivarens myndighetsområde og behandlinga av edb-baserte arkiv – status som kgl. res. i 1984 og vart dermed bindande for statsforvaltninga. Dette regelverket etablerte ein fagleg standard for arkivarbeidet i staten. Statlege organ skulle ha sentraliserte arkiv og ein arkivleiar som var ansvarleg for utføring av alt arkivarbeid.

Årsakene til desse endringane var fleire. Ein grunn var framveksten av ei større og meir kompleks offentleg forvaltning med fleire oppgåver enn tidlegare. Innføringa av forvaltningslova i 1970 gav strengare krav til saksutgreiing og nedteikning av opplysingar, noko som førte til større dokumentproduksjon. Offentlighetslova, som trådde i kraft året etter, gav ålmenta ein generell rett til innsyn i forvaltninga sine saksdokument. Resultatet av denne utviklinga vart i alle høve ei fagleg spesialisering og tydelegare organisert arkivteneste i statsforvaltninga. Det vaks fram element av ein profesjonsidentitet, men utan eiga utdanning og med ei mindre homogen rekruttering enn depotarkivarane.

Det har vore, og er framleis, ulike perspektiv på kva ein profesjon er. Det finst ein minst hundre år gamal tradisjon for å fastleggje kriterium for kva det inneber å vere ein profesjon. Abraham Flexner formulerte desse kriteria i ein artikkel i 1915:

Let me now review briefly the six criteria which we have mentioned; professions involve essentially intellectual operations with large individual responsibility; they derive their raw material from science and learning; this material they work up to a practical and definite end; they possess an educationally communicable technique; they tend to self-organization; they are becoming increasingly altruistic in motivation (Flexner, udatert).

Mange seinare teoretiske arbeid har formulert kriteria annleis, eller tilført andre kriterium. Ein artikkel som er mykje sitert føyer mellom anna klientrelasjonar og ordning for offentleg godkjenning av yrkesutøvarane til kriterielista (Wilensky, 1964). Framveksten av meir eller mindre sterke og autonome profesjonar har også vore gjenstand for kritiske vurderingar. Allereie i 1915 påpeika Flexner i sin artikkel at profesjonsorganisasjonane kan stå i fare for konflikhtar mellom dei personlege interessene til medlemar og omsut for storsamfunnet (Flexner, udatert). Eit meir gjennomgåande kritisk perspektiv, som det finst mange referansar til i litteraturen om profesjonar, er den sosiologiske analysen av korleis profesjonar forfølgjer eit monopoliseringsprosjekt og eit statusprosjekt (Larson, 1977).

Når ein skal drøfte om ei yrkesgruppe er ein profesjon eller ikkje, vil somme velje å vurdere om det dei er og det dei gjer stemmer overeins med ei ferdig utforma kriterieliste. Dei kriteria Flexner (udatert) utforma brukte han til å avgjere, under tvil, at sosialarbeidarar ikkje var ein profesjon. Andre døme var legar, som heilt klart var ein profesjon, og røyrleggjarar som heilt klart ikkje var det. Den tvilen som omgav profesjonsstatusen for sosialarbeidarar blir kanskje femna av det Wilensky (1964) omtalar som «semi-professions». Elles er det grunn til å tru at Flexner ville ha rekna sosialarbeidarar i Noreg i dag som ein profesjon etter sine eigne kriterium. I seinare tid er det kanskje meir vanleg å ikkje bruke rigide kriterielister, men å sjå profesjon som eit breiare og meir samansett omgrep, der sjølvforståinga også spelar inn (jf. til dømes Torgersen, 1994). I spørsmålet om arkivarprofesjonen finns, er det ei slik meir open vurdering av kriteria som må leggjast til grunn. Martinsen (2012) legg lista forholdsvist lågt, og summerer opp spørsmålet slik: «Det faktum at arkivfaglige normer og verdier og oppfatningar om arkivfunksjonens egenart er gjenstand for diskusjon, er et tegn på at profesjonen finnes, og at den er levende».

Ei sak som Flexner, Wilensky, Larson og mange fleire som har skrive om profesjonar er samde om, er at korkje talet på profesjonar eller deira innverknad i samfunnet er statisk. Danning, styrking, og i nokon høve svekking av profesjonar er bland dei fenomenane som profesjonsforskarar søker å forklare. Profesjonane sjølv legg vinn på å nå stabile rammer frå samfunnet (Larson, 1977). Stabile rammer er ikkje i strid med at profesjonar legg vinn på å utvikle fag og ferdigheiter; ein kan snarare sjå det som ein føresetnad for ein autonom kontroll med den faglege utviklinga. Rettsleggjering

av profesjonar, både i form av offentleg godkjenning av yrkesutøvarar og i form av lovfesting av faglege normer, er eit middel som medverkar til stabile rammer.

Rettsleggjing i den første meininga, godkjenning av yrkesutøvarar, finst på ulike område i Noreg, men ikkje for arkivarar. Eit døme på framvekst av offentleg godkjenning på andre område er den første legetova frå 1927, som innførte statleg autorisering av legar. Tidlegare hadde legar hatt ein «automatisk praksisrett», som følgje av fullført utdanning. Innføringa av statleg autorisasjon var eit omstridt tema i legeföreininga før loven vart vedteke (Haave, 2007). Seinare, med helsepersonellova frå 2001, ble det innført ordningar for autorisasjon av ei rekke andre helseprofesjonar også. Advokatar er ein annan profesjon som krev offentleg autorisasjon. Det er ikkje nokon tilsvarande ordning for arkivarar. Arkivforskrifta (1998) § 2-1 opererer rett nok med tittelen «arkivansvarleg», som skal ha den daglege leiinga av arkivtenesta i eit offentleg organ. Bakgrunnen for kravet om ein arkivansvarleg i forskrifta er dei krava til arkivleiar som tidlegare fanst i instruksar, men fullmaktene er mindre klare i den no gjeldande forskrifta. Det sentrale omsynet i arkivforskrifta er at verksemda skal ha ein tydeleg organisering av arkivdanninga, men det ligg ikkje der nokon føringar om kva utdanning, fagleg identitet eller fullmakter den arkivansvarlege skal ha.

Sjølv om det er vanleg å omtale arkivaryrket som ein profesjon i den internasjonale arkivteorien, er det ikkje vanleg å regulere tilgjenge til yrket. Eit sjeldan døme på det motsette er ei avgjerd frå 1850, då den franske regjeringa bestemte at berre dei som var utdanna ved Ecole des Chartes kunne få tilsetjing som arkivar ved Les Archives nationales (Duchain, 1992, s. 21). Det har også vore drøfta om det er ønskjeleg med regulert tilgjenge til profesjonen. Cox (1986) skriv om at arkivarane har ein for svak posisjon til å gjennomføre samfunnsoppdraget tilfredsstillande. Han tek derfor til orde for å etablere ein ordning for å autorisere arkivarar, altså auke statusen gjennom å profesjonalisere yrket. Både Duchain og Cox skriv om depotarkivarar, noko som vanlegvis er underforstått i yrkesnemninga «archivist» i engelske tekstar. Sjølv om det altså finst døme på at regulert tilgjenge til arkivaryrket har vore innført, og har vore ønska, ser det likevel ikkje ut til å vere ei utbreidd oppfatning at det bør bli ei eintydig kopling mellom arkivutdanning og tilgjenge til profesjonen.

Rettsleggjing i den andre meininga, lovfesting av faglege normer, har i mykje større grad bidratt til å profesjonalisere arkivarrolla. Arkivlova ble vedteke i 1992, og vart sett i kraft saman med arkivforskrifta i 1999. I forarbeid til arkivlova vart den faglege tydeleggjinga framheva som ein av grunnane til å foreslå ei slik lov:

En arkivlov vil signalisere at arkivarbeid er et viktig saksområde. Den vil understreke at arkivistikk er et eget fag med et selvstendig kunnskapstilfang atskilt fra andre fagdisipliner, og at arkivarbeid ikke uten videre kan utføres tilfredsstillende av hvem som helst, men krever opplæring og innsikt. Riktignok har arkivarbeidet nær forbindelse med en rekke andre oppgaver og hensyn – den løpende forvaltningsvirksomhet, personvern, allmennhetens innsynsrett, statistikk, planlegging m.v. – og arkivarbeidet har en nødvendig funksjon i

forhold til disse. Men formålene med arkivvirksomheten vil på langt nær kunne bli tilfredsstillende ivaretatt dersom den primært fikk sine oppgaver definert i lys av andre tilstøtende virksomheter og deres faglige premisser. I for sterk grad er dette situasjonen i dag etter arbeidsgruppens mening (NOU 1987:35, s. 36).

Sjølv om den NOU-en som inneheldt det første utkastet til noverande arkivlov ikkje brukte ordet profesjon i denne samanhengen, peikar både understrekinga av eit sjølvstendig kunnskapstilfang og behovet for opplæring på eit ønske om profesjonali-sering og fagleg synleggjering. Det er verdt å merke at utvalet som leverte denne utgreiinga gjorde det heilt klart at styrking av opplæring og klarere rettslege rammer ikkje berre var retta mot bevaring i arkivdepot, men også mot arkivdanning. Utvalet hadde rett nok størst merksemd om Arkivverket og deira oppgåver, men såg i den samanheng at arbeidet med å støtte og rettleie forvaltninga kravde stadig meir av Riksarkivarens ressursar. Derfor var ein av grunnane til å få ei arkivlov på plass at forvaltninga skulle bli meir sjølvhjelpete i arkivdanninga og prioritere den høgare (NOU 1987:35, s. 8).

Så langt kan vi seie at det å arbeide med arkiv høyrer heime i profesjonsomgrepet, og at det gjeld både for kulturbevaringa i arkivdepot og for danning av arkiv i verksemdar. Det nærliggjande vidare spørsmålet er om dette kan reknast som den same profesjonen, eller om det er to ulike profesjonar.

Ein viss samanheng finst utan tvil. Det er mykje som er felles for danning og depot, og dreiar seg om dei same dokumenta, felles reglar, felles systematikkar og likearta hjelpemiddel. Tidlegare i kapitlet er det omtala to mykje brukte metaforar for disse samanhengane, man kan sjå det som ein felles livsyklus for arkivdokumenta, eller som eit kontinuum med ein mogleg samtidighet i den aktive og den historiske konteksten for arkivdokumenta.

Tanken om å sjå dei som arbeidar med danning og depot som same profesjon, stammar som nemnt frå Australia der dei gjerne bruker «recordkeepers» som ei felles nemning. Barbara Reed har skrivne om denne utviklinga i ein artikkel frå 1997. Ein type praktikarar hadde allereie byrja å identifisere seg med begge fagfelta, «...that group of people who called themselves archivists/records managers: an interesting hybrid professional in the 1980s and early 1990s» (Reed, 1997, s. 192). Dette saman-sette praksisfeltet vaks fram i samband med elektroniske system for å handtere og arkivere dokument, og skapte ei grobotn for kontinuum-tenkinga som ein teoretisk grunnpillars for ein felles profesjon.

Då Reed skreiv artikkelen var det australske fagmiljøet midt i ei omvelting frå to profesjonar til ein. Det som dreiv endringane fram var dels eit stort felles arbeid med tekniske standardar og rammeverk, og dels ein organisatorisk overbygning for utdanningar. Omveltinga var ikkje smertefri, og ikkje like velkomen hos alle:

Many of the implications of this re-invented framework are controversial. They challenge the ways recordkeeping professionals interact with each other. There are many within both the records management community and the archives community who are uneasy with these statements. The changes enabled are yet to be worked through the communities and down to the individual level. It would be inaccurate to pretend that these approaches are welcomed in every nook and cranny of the recordkeeping world. Some feel inherently threatened by such approaches. Yet others, particularly those involved with electronic recordkeeping issues, are invigorated by the potential opened up (Reed, 1997, s. 196).

I Noreg har vi hatt nokre element av ei liknande praksisutvikling, med tekniske standardar som innførte arkivfaglege krav i den elektroniske dokumenthandteringa. Standarden Noark kom i sin første versjon allereie i 1984, og var såleis tidleg ute samanlikna med andre land. Likevel blei ikkje den norske standarden (eller *kravspesifikasjonen*, som dei tidlege versjonane av Noark heitte) i same grad som i Australia eit tverrfagleg møte mellom records management og arkiv. Rett nok var det Rasjonaliseringsdirektoratet, ein forløpar til noverande DIFI (Direktorat for IKT og forvaltning), som ga ut dei første versjonane av Noark. Premissane var likevel at arkivmyndigheita stilte arkivfaglege krav, mens forvaltninga måtte innrette eigne behov på ein måte som passa inn i disse krava. Resultatet blei at konvensjonell brevkorrespondanse i lite einsarta sakshandsaming følgde Noark, medan store delar av den elektroniske arkivdanninga har i praksis gått utanom radaren og missa dei arkivfaglege krava. Det felles blikket på arkivfaglege og andre forvaltningsmessige behov i arbeidet med standardar og rammeverk har etter kvart kome på plass også i Noreg, men på eit paradoksalt vis er det meir synleg i dag at dette er eit meir uferdig arbeid enn kva det såg ut som for femten eller tretti år sidan.

Noko av årsaka til at utviklinga av standardar gav lite fagleg integrasjon i byrjinga, kan liggje i at Noark allereie frå starten av var kopla til myndigheitsutøving frå Riksarkivaren. Noark 1 bygde såleis på retningsliner for innføring av EDB-baserte journalsystem i statsforvaltninga, fastsett av Riksarkivaren i 1984. I arkivforskrifta som trådte i kraft i 1999, ligg dei no gjeldande krava til at elektronisk arkivdanning skal bruk eit Noark-system som Riksarkivaren har godkjent på førehand. Det som likevel kanskje er ein minst like viktig grunn til at vi ikkje i same grad som australianarane fekk det same fruktbare møte mellom arkiv og records management, kan vere at Noreg mangla eit tilsvarande «records management community» med kunnskap om og interesse for elektronisk arkivdanning i heile si bredde. Rett nok har kompetansen i arkivtenestene auka jamt over fleire tiår, særleg takka vere innsatsen til Norsk arkivråd, som mellom anna bidrog til å etablere Arkivakademiet frå tidleg 1990-tal (Gausdal, 2001). Det har likevel først i dei seinaste få åra vore eit klart mål at arkivutdanninga skal kvalifisere for å delta med arkivfaglege råd når ei verksemd skaffar eller utviklar fagsystem som dannar arkiv av ulike slag.

Sett med utdanninga som ståstad, verker det klart at vi må undervise i arkivdanning og depot som eit samanhengande kunnskapsfelt. Det er store overlapp i mellom anna rettslege spørsmål, til dømes om innsyn og teteiplikt, som vil vere felles gjennom heile

faget. I enda større grad er det felles grunninnsikter om kva som særmerker elektroniske arkivdokument. Både for arkivdanninga og for depota er kunnskapar om kva prosessar som skapar dokumenta avgjerande, og ein treng den same innsikta om at autentisitet hovudsakeleg er ein tilsikta men sårbar konstruksjon for elektroniske dokument, og at dette er eigenskapar som ein primært må syte for under planlegging og design av systema. Det er likevel ikkje nokon automatikk i at det samanhengande kunnskapsfeltet også må resultere i ein og same profesjon. Det er eit profesjonspolitisk spørsmål som vi frå lærarhald gjerne kan meine ein heil del om, men det er først og fremst eit spørsmål for dei som har skoa på seg.

Konklusjon

Profesjonar er ikkje statiske, dei blir forma på ulike måtar. Samfunnets behov og forventningar, teknologiutvikling, organisering og synleggjering av profesjonen, og tilrettelegging av utdanningar, er døme på ulike element i den dynamiske forminga av profesjonane. Ingen av disse elementa opererer heilt uavhengig av kvarandre. Både organisering av profesjonen og forminga av eigna utdanningar ber med seg profesjonspolitiske valmoglegheiter som det kan vere heiderleg sakleg usemje om. I drøftinga av profesjonspolitiske vegval bør vi leggje stor vekt på kva vi trur er ein fagleg fornuftig respons på samfunnets behov og teknologiutviklinga.

Det utdanningsprogrammet som er bygd opp ved Høgskulen i Oslo og Akershus, og som framleis er under utvikling, legg i stadig aukande grad vekt på samanhengar mellom arkivdanning og depot. Såleis er vår medverknad i utviklinga eit tilskot i retning av å kvalifisere studentar for ein sameina profesjon, i staden for to ulike profesjonar. Vi styrar likevel ikkje alle sider ved ei slik utvikling, organisering av profesjonen eller profesjonane, vedlikehald av profesjonsidentitet, val av alliansepartnarar i praksisfeltet og mykje meir er profesjonspolitiske valmoglegheiter som høyrer til i andre samanhengar enn i utforminga av ei utdanning.

Litteratur

- Arkivforskrifta (1998). *Forskrift om offentlege arkiv*, 11. desember 1998 nr. 1193.
- Arkivlova (1992). *Lov om arkiv*, 4. desember 1992 nr. 126.
- Bearman, D (1994). Archival Strategies. *American Archivist*, 58(4), 380-413.
- Berger, S (2013). The role of national archives in constructing national master narratives in Europe. *Archival Science*, (13), 1-22.
- Cook, T. (2011). The Archive(s) is a Foreign Country: Historians, Archivists and the Changing Archival Landscape. *American Archivist*, vol. 74(2), 600-632.
- Cox, R (2001): *Managing Records as Evidence and Information*. Westport/Conn: Quorum Books.
- Cox, R (1986). Professionalism and Archivists in the United States. *American Archivist*, 49, 229-247.
- Duchain, M (1992). The History of European Archives and the Development of the Archival Profession in Europe. *American Archivist*, 55, 14-25.

- Flexner, A (udatert). *Is Social Work a Profession?* Henta 20. august 2015 frå <http://www.socialwelfarehistory.com/programs/is-social-work-a-profession-1915/>
- Gausdal, R. L. (2001). *Mot en profesjon: Norsk Arkivråd 1961 – 2001*. Oslo: Norsk Arkivråd.
- Hals, A (2002). Fra kongelig resolusjon til lov. Inspeksjonsvirksomheten i Riksarkivet 1963-1999. I: K. J. Bråstad, K. Johannessen, & T. Sirevåg (Red.), *Med Clio til Kringsjå. Festskrift til riksarkivar John Herstad*. Oslo: Novus.
- Harris, V. (2007). *Archives and justice*. Chicago: Society of American Archivists.
- Herstad, J. (2008). «Archivaren, – Gud bevar'en!» *Henrik Wergeland som riksarkivar*. Oslo: Messel forlag.
- Haave, P (2007). Da legene skulle autoriseres. *Tidsskrift for Den norske legeforening*, 127, s. 3267-3271.
- Jenkinson, H (1922). *A manual of archive administration, including the problems of war archives and archive making*. Oxford: Clarendon Press. Henta juli 2009 frå <http://www.archive.org/stream/manualofarchivea00jenkuoft#page/n5/mode/2up>
- Jenkinson, H. (2003). The Classification and Survey of English Archives. I: R. Ellis, & P. Walne (Red.), *Selected Writings* (s. 196-207). Chicago: Society of American Archivists.
- Larson, MS (1977). *The rise of professionalism. A sociological analysis*. Berkeley: University of California Press
- Marthinsen, J. H. (2012). *Arkivteori – en innføring*. Oslo: Riksarkivet.
- McKemmish, S (1997). Yesterday, Today and Tomorrow: A Continuum of Responsibility. Henta 2. februar 2009 frå <http://infotech.monash.edu/research/groups/rcrg/publications/recordscontinuum-smckp2.html#fig1>
- Muller, F., Feith, J. A. & Fruin, R. (2003). *Manual for the Arrangement and Description of Archives, 1898*. Chicago: Society of American Archivists.
- Norsk arkivråd. (2011). *NAs innlegg på KUDs arkivmeldingskonferanse 9. juni 2011*. Henta 15. august 2015 frå http://arkivrad.no.drupal.07.no/sites/arkivrad/files/user/Dokumenter/Arkivpolitisk_arbeid/manuskudkonferanse.pdf
- NOU 1987:35 (1987). *Samtidens arkiver - fremtidens kildegrunnlag: Arkivverkets presserende oppgaver: Rapport fra en arbeidsgruppe nedsatt av Kultur- og vitenskapsdepartementet 27. februar 1986: avgitt til departementet september 1987*. Oslo: Universitetsforlaget
- Reed, B (1997). Electronic records management in Australia. *Records Management Journal*, 7, 191-204.
- Schellenberg, T.R. (2003). *Modern Archives. Principles and Techniques, 1956*. Chicago: Society of American Archivists.
- Thomassen, T (2001). A First Introduction to Archival Science. *Archival Science*, 1(4), 373-385.
- Torgersen, U (1994). *Profesjoner og offentlig sektor*. Oslo: Tano.

- Upward, F (1996). Structuring the Records Continuum - Part One: Postcustodial principles and properties. Henta juli 2009 frå <http://www.infotech.monash.edu.au/research/groups/rcrg/publications/recordscontinuum-fupp1.html>
- Wilensky, HL (1964). The professionalization of everyone? *American Journal of Sociology*, 70, 137-158.